

# Årsmelding 2023

## Hjelme og Blomvåg sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelme og Blomvåg sokn





Det vart arrangert sprell levande kyrkje på Tednebakane omsorgssenter i mai. Både små og store, unge og gamle, fekk seg middag, og var med på aktivitetar som ballongløp, grafittkunst, frøplanting, strikking og mykje meir.

# HJELME OG BLOMVÅG SOKNERÅD



**Erling Vik**  
Soknerådsleiar

## Innleiing

Soknerådet sitt fokus er retta mot at Guds ord blir rikelig forkynt og at det blir skapt trygge og gode fellesskap i vårt sokn. Vårt ønskje og visjon er at kvar enkelt kan få kjenna seg elska av Gud og menneske.

I januar 2023 kunne vi leggje fram resultatet frå vår siste NAMU undersøking, den 5. i rekka og dette var oppmuntrende lesning. Vi har mykje å vere takksame og glade for hos oss, og så har vi noko å strekke oss etter på områder der vi kan bli enda bedre. Å skape gode fellesskap der varme relasjonar og livsnære grupper kan få blomstre er eit av fokusområde framover.

Vi er også svært glade for at vi frå hausten 2023 igjen har eit nytt ungdomsteam blant oss. Dette betyr svært mykje inn i det gode barne- og ungdomsarbeidet vårt.

## Soknerådet har handsama 81 saker i 2023 og består av:

Offer, enkeltarrangement som fellesskapskveldar, julefest og samlingar for dei frivillige, samt økonomi og budsjettsaker. Ellers står Naturlig Menighetsutvikling (NAMU) fast på soknerådet sin dagsorden.

## Gudstenestelivet

Gudstenesta er grunnleggande viktig for alt anna som skjer i kyrkjelyden. Her kjem ein saman for å søke og møte Gud. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. I glede og sorg samlast kyrkjelyden til gudsteneste. I gudstenesta får ein synge, lytte og be saman med andre. Gudstenestne er opne for alle. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet som t.d. sprelllevande gudstenester som er lagt opp for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta.

I forlenginga av dei fleste gudstenester har vi kyrkjekaffi, den gir oss en flott arena for å sjå kvarandre og styrke vårt relasjonar i fellesskapet.

## Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er fellesskapskveldar, morgonmesser, påskekveld, jul i bordgården og julefest faste møtepunkt gjennom året som vi håper gir rom for å skape meir varme relasjonar og fortrolighet inn i vårt fellesskap.



## Frivillige ulønna medarbeidere

Soknerådet takkar alle frivillige ulønna medarbeidarar særskilt.

Hjelme og Blomvåg er kyrkjelydar som drives med hjelp av ein stor del frivillige. Desse er med å beriker kyrkjelydslivet og fellesskapet.

Håpet er at dei som frivillig har glede av arbeidet og kan anbefale andre til å vere med. Det er plass for alle frivillige hender.

## Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Kyrkjelyden er engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger. Og i Egypt støtter vi «Stefanusbarna» gjennom Stefanusalliansen. Dette ser vi igjen i kyrkjelyden ved stort engasjement frå konfirmantene/ungdommane i form av bøsseinnsamling (fasteaksjon) og misjonsløp.

I 2023 hadde vi besøk av Kjartan Sørheim på fellesskapskvelden i september med inspirerende gjennomgang av prosjektet vi støttar i Thailand.

## Økonomi og gjevarteneste

Soknerådet har to kjelder for inntekt. Det er offer i kyrkjene, til kyrkjelydsarbeidet og gjevarteneste.

Vi ønskjer å opprettholde det rike og gode barne- og ungdomsarbeidet med å fortsetta med team. Samstundes vil vi gi gode offer/kollektar til andre enn oss sjølv. Håpet vårt er at vi saman skal få dette til ved ein auke i den faste gjevartenesta.

## Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leiararbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar av leirstaden. Leirstaden har eige styre og er etablert som eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform.

## Soknerådet er sammensett slik

Fram til nyval hausten 2023. Faste medlemer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Øyvind Solsvik, Gustav Magne Landro og Therese Dale Gerhardsen. Varamedlemer: Elise Irene Karlsen, Øystein Vik, Astrid Johanna Nautnes Rustad, Tormod Magnesen og Monica Breivik.

Etter valet: Faste medlemer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Therese Dale Gerhardsen, Martin Jonas Hellesund Nakken, Steinar Konrad Blom. Varamedlemer: Elise Irene Karlsen, Gustav Magne Landro, Råmund Skjold, Katrine Dale Olsen og Siv Helen Vik.

Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet og Kari Sandøy Rong er sekretær.



Hausten 2023 fekk vi eit nytt ungdomsteam blant oss. Frå venstre: Maria Solsvik, Mirjam Olsen, Ane Eriksen og Veronika Friborg





# ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



**Espen Tveten**  
Sokneprest

I ei årsmelding peikar vi på viktige ting som har skjedd i året som ligg bak. Viktigare enn å peike på tall og arrangement, er det å peika på Gud som gav oss livet og som trufast går med oss. 2023 var eit uroleg år for kloden vår. For mange vart ikkje verda ein betre stad i året som gjekk. Men håpet i Jesus Kristus skal vi likevel

få løfta fram. Som prest er eg takksam for å vera del av eit lag som har eit stort ønske om å bringe dette håpet vidare til alle menneske.

## Statistikk

Tala for 2023 viser at vi er på rett veg etter pandemien. Men det har vore færre til stades på arrangementa våre i fjor enn åra før pandemien. Nattverdstala steig i fjoråret, men også dei ligg bak tal frå før 2020. Eit tal som har vist stigning er talet på vigslar. Det blir spennande å sjå om denne positive utviklinga held fram. Det har lengt vore

varsla nedgang i dåpstal på nasjonalt plan. Det har vi ikkje merka i stor grad hos oss. I 2023 vart det berre døypt 29 barn av 41 fødde. Desse tala kan vera unøyaktige sidan mange ikkje vart døypte i året dei vert fødde. Men dette er tal vi må følgja med på.

## Gjevarteneste

Eit tal som er gledeleg å følgja med på er fast gjevarteneste. I 2023 initierte fellesrådet ein gjevartenesteaksjon. Det vart utforma materiell og informert grundig om behova for auka gjevarteneste. Kyrkjelyden hadde ein auke på 61%. Dette er gledeleg og svært viktig for framleis satsing på barne- og ungdomsarbeidet. Men faktum er at vi trass i denne auken ikkje går i balanse dette året. Det at kyrkjelyden greip høvet til eit nytt ungdomsteam har gjort at utgiftene er høgare enn før. Derfor må vi halda fram arbeidet for fleire faste gjevvarar. Dette var også eit område biskopen oppmoda oss til å satsa sterkare på under bispevisitasen i 2022.



## Samarbeid mellom ulønte og lønte medarbeidarar

Det er eit godt samarbeid mellom ulønte og lønte medarbeidarar. Det er utruleg viktig at dette samarbeidet fungera godt. I fjor var det val til nytt sokneråd og det er veldig gledeleg med alle som stilte seg disponible til val. Det nyvalde rådet har ein gjennomsnittsalder på 41 år og det viser at menneske i alle aldrar ønskjer å byggja kyrkjelyd i Hjelme og Blomvåg. Eg vil også påpeika at samarbeidet med fellesrådet er godt. Det å ta opp att satsinga med ungdomsteam har og vore verdifullt med fire unge damer som er ein viktig del av kyrkjestaben.

## Samarbeid mellom ulike forsamlingar

Det er dessverre ikkje sjølvstøtt at Dnk og andre forsamlingar og kyrkjelydar kan ha et nært samarbeid. Men det har vi hos oss. Samarbeidet omkring Øygaardssong og Refuel Weekend er derfor veldig verdifullt. Anna viktig samarbeid er gudstenesta på Vik bedehus på Kristi himmelfartsdag og at kyrkja sine tilsette er med i Refuel ungdomsklubb i INRI-kyrkja.

## Bønn og fortrulegheit

Soknerådet har i ein lang periode arbeid med livsnære grupper og varme relasjonar. Ein konkretisering av dette å gje auka merksemd til bøn og fortrulegheit. Dette er tema som vil bli løfta opp i året som kjem.




Foto: Matilde Solsvik




# STATISTIKK

## DELTAKING PÅ GUDSTENESTER



Antal gudstener under årstal



## ANTAL DØYPTE OG FØDDE



I 2023 vart det døypt 29 barn av 41 fødde. Desse tala kan vera unøyaktige sidan mange ikkje vart døypte i året dei vert fødde







# ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Ellen Ebbesvik**  
Diakonimedarbeider

Diakoniarbeidet i 2023 har vore variert og innhaldsrikt. Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fire frivillige.

I år fekk vi ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein torsdag i månaden møttest 30-40 personar til drøs, song, mat og andeleg påfyll.

Vår kontor Øystein Steinsland er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong.

Gjennom året har vi hatt besøk av Trygve Johannes Hellesøy, Roy Lerberg, Terje Landro, Solveig Gudmundsen, Birthe Sofie Sørensen, Gunhild Dobbe, Gerd Lillian, Olav Martin Vik og Jan Tommy Fosse. Vi avslutta året med adventssamling i lokala til Blomvåg barnehage. Barn og vaksne frå både Blomvåg og Toftøy barnehage song for oss. Gode timar med sosialt samvær, mat, andakt og song.

I Hjelme kyrkje har vi song- og salmekveld ein tysdagskveld i månaden med oppmøte av 25-30 personar kvar gong. Vi sang kjente og ukjente songar og salmar. Nokre kveldar fokuserte vi på ein songforfattar. Det var alltid ein gjest som fortalde om sin song og kvifor den er viktig. Ein pause med litt kaffi, te, frukt og ein drøs vart det også tid til.

Den siste samlinga før sommaren var 17. mai-festen. Den samla 48 personar frå heile soknet. Dette er ei innhaldsrikt samling med tydeleg Jesus-fokus, der menneska skal bli sett og dei nære relasjonane styrka.

I haust hadde vi tre tysdagskveldar med «Småprat med noko attåt» på kyrkjekontoret på Rong. Ei uformell samling med lav terskel, der folk kan komme og berre vere seg sjølv. Nokre kjem med og nokre utan handarbeid. Eit viktig arbeid med å styrka nære relasjonar. Målet er ein basar på våren 2024, der midlane skal gå uavkorta til ungdomsarbeidet i soknet vårt.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste. I år arrangerte vi ein felles sorgkveld i Foldnes kyrkje. Sølvi Hopland heldt fordrag og bidrog med song. I forkant av allehelgensgudstenesta i Blomvåg, hadde vi stand på Rong senter. Soknepresten, diakonimedarbeidaren, diakoniutvalet og representant frå soknerådet delte ut lys og materiell. Vi fekk fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen.

På allehelgenssøndag vart alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2022 spesielt inviterte til gudsteneste. Vi las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Diakonimedarbeidaren tilbyr samtalar/heimebesøk. Dette inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid. Dette arbeidet har hatt ei auke sidan 2022. Vi har også friviljuge som reiser på besøk for samtale over ein kaffikopp.

Den årlege kyrkjelydsturen på sommaren vart avlyst då det var for få påmeldte.

Planane framover i 2024, er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet. Faste arrangement som formiddagstreffet, song- og salmekveld, småprat med noko attåt fortset som tidlegare. Det gir stor glede i arbeidet å sjå at det kjem fleire og fleire på arrangementa våre.





# ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



**Hogne Berland**  
Kyrkjelydspedagog

«Barna og ungdomane er kyrkja si framtid», seier vi av og til. Men barna og ungdomane er kyrkja si notid. Dette må vi ta på alvor og legge til rette for at dei har gode fellesskap og får god opplæring i trua både heime, i kyrkja og på leir, lag og klubbar. I 2023 hadde soknerådet ekstra fokus på å auke gjevartenesta slik at vi både kan oppretthalde og satse vidare på barne-

og ungdomsarbeidet vårt. Dette fokuset må halde fram.

## Ungdomsteam er tilbake


I mange år hadde Hjelme og Blomvåg samarbeid med Misjonssambandet om ungdomsteam av 1-åringar som bidrog i barne- og ungdomsarbeidet her. Etter at det fleire år var vanskeleg å få søkjarar, vart dette lagt på is og ein gjekk for ei løysing med ungdomsarbeidarar i ulike prosentstillingar. Frå hausten 2023 er no ungdomsteam tilbake, denne gong i samarbeid med Helgeland folkehøgskule. Dette kom i stand etter ein direkte forespørsel derfrå og fire jenter på 20 år har skuleåret 23/24 praksisplass her hjå oss: Maria Solsvik, Ane Eriksen, Veronika Friberg og Mirjam Elisa Olsen. Dei har vore med på det meste som har skjedd av barne- og ungdomsarbeid, frå leirar til ungdomsklubb og konfirmantarbeid. Det er svært gledeleg med nytt team og vi ser at opplegget har mange fordelar. Vi ønskjer å jobbe for å få dette til også komande skuleår.

## Leirane på Skjergardsheimen

Oppslutnaden rundt leirane på Skjergardsheimen er stabil i forhold til fjoråret.

Oppslutnad på barneleir i forhold til talet på døypte i målgruppa dei siste åra:

## DELTAELSE PÅ LEIR



I tillegg deltok 50 ungdomar på ungdomsskuleleir i juni. Her var det også nokre på venteliste. Konfirmantleiren, som tidlegare har vore i Sætervika, vart i år også flytta til Skjergardsheimen med 50 deltakarar. Vi har framleis mange frivillige leiarar som bidreg på leirane våre, men det har vore litt vanskelegare enn tidlegare å få leiarar det siste året, særleg vaksne. Ungdomsteamet var viktig for å få nok leiarar i haust.





## Tweensalderen

I haust arrangerte vi for første gang de vi kalla Tweensfest for aldersgruppa 5.-7. klasse. Det skjedde i storsalen i Blomvåg barnehage ein kveld i november. Opplegget bestod av song, andakt, mat og mange ulike aktivitetar både ute og inne. Vi har lenge tenkt at vi burde gjera noko meir for denne aldersgruppa, sjølv om det finst to tilbod, nemleg Yngres på Vik bedehus og Gospel Teens i Blomvåg kyrkje. Planlegginga og gjennomføringa skjedde saman med leiarar for Yngres og Gospel Teens og det kom over 70 barn på Tweensfesten. Det skal arrangerast igjen i juni 24 og vi trur dette kan vera ei fin «storsamling» for denne aldersgruppa.

Vi trur likevel at vi skulle hatt endå meir arbeid i tweensalderen. Det er viktig å få gode, kristne fellesskap før ein startar på ungdomsskulen. Ut frå denne tankegangen har forsamlingane på Vik og INRI starta fleire bibelgruppe i denne alderen. Det er også starta ei gruppe for 8. klassingar med utspring frå ungdomsklubben Refuel. Vi trur det er eit poeng å starte med slike grupper tidleg, særleg sidan det har vore vanskelegare dei siste åra å starte dette med ungdomar. Vi trur det er rom for endå fleire grupper og treffpunkt og ønskjer å jobbe meir med strategi for tweensalderen framover.

## Revidering av trusopplæringsplan

Det er sett ned ei gruppe som skal arbeide med revidering av trusopplæringsplanen. Målet er å evaluere og oppdatere trusopplæringsplanen vår. Framlegget til revidert plan skal vera klar i løpet av våren 24 og vert lagt

fram for soknerådet over sommaren. I gruppa sit: Aina Elisabeth Hellesund, Therese Dale Gerhardsen, Torgeir Sandøy Johannesen, Cecilie Borsholm Vik, Johanne Hatten, Maria Wergeland og Hogne Berland.

## Anna

- I år var skulane tilbake i kyrkjene til jul og julegudstenestene vart halde der igjen. Sist det skjedde var i 2019. Kommunen sette i 2023 av ekstra pengar til transport for skulane og det var dermed lettare for dei å prioritere buss til kyrkja. Dette gler vi oss over og håpar det heldt fram slik.
- Bibelsporet eller Vandring gjennom Bibelen er eit undervisningsopplegg vi har tilbydd til skulane i mange år. Vi har leigd inn Harald Breistein frå Misjonssambandet til dette sidan han er godkjent kurshaldar. No har Espen Tveten og Hogne Berland vore på kurs og i 2023 var det dei som besøkte skulane med opplegget. Dette satsar vi på framover også.
- Det har vore utfordringar i ungdomsmiljøet her ute dei siste åra med tanke på atferd og rusbruk. Dette merkar også vi i ungdomsarbeidet vårt. Vi ønskjer å skape trygge rom når vi samlar ungdomane og ser behov for stor vaksenttleik.
- Vi gler oss over at både babysong (0-1 år) og småbarnsong (1-3 år) er populære treffpunkt for foreldre og barn også i 2023. Det er ikkje uvanleg med 15 babyar pluss vaksne på babysong i Blomvåg barnehage og gjerne 30 barn pluss vaksne på småbarnssong i Blomvåg kyrkje!





# ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Øystein Steinsland**  
Kantor

## Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigsler, institusjonsbesøk, konsertar, føremiddagstreff, salmekvelder, evensong, samarbeid med grunnskule/barnehage, medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper, instrumentalistar og lydteknikarar

## Viktige hendingar i 2023

- Vi syng jula inn
- Jolekonsertar
- Øystein Steinsland, Olaug Elise Alvheim og Terje Nilsen i Hjelme gamle kyrkje
- Anita Heggholmen m solistar og Wedberg Trio i Blomvåg kyrkje
- Evensong med Sotra Reviderte i Blomvåg
- Konsert: Kyrkjemusikkseksjonen og Fjell Vocalis i Hjelme
- Vi syng jula ut med Sotra Reviderte og Øygarden kyrkjebrass i Blomvåg
- Jolefest i Hjelme kyrkje

## Solistar i gudstenestene hausten 2023

Nytt i 2023 er at eg har i løpet av hausten hatt med solistinnslag ved dei fleste av gudstenestene. Oppgåva har vore å syngje eller spele eit musikkstykke under offeret i gudstenesta der eg har akkompagnert på flygel. Har fått mange gode tilbakemeldingar på desse innslaga.

## Frivillige musikkrefter

Dei frivillige musikkreftene er ein stor resurs for soknet og dei berikar oss med fine musikalske opplevingar. Av aktørane kan ein nemne: Gospelteens, Lyskasteren, Sotra Reviderte, Fjell Vocalis, Øygarden Skulemusikkorps, ulike instrumentalistar, band, songarar og lydteknikarar. Tusen takk for deira bidrag.

## Vi Syng jula inn

To flotte Vi syng jula inn vart gjennomført med instrumentalistar og solistar. Ekstra kjekt at i år, så var Skulemusikkorpset med i Blomvåg, med både soloinnslag og akkompagnement til salmar. Også ein stor takk til Sotra Reviderte som i år var med i Hjelme, samt Gospelteens som var med i Blomvåg.



## Jobben som kantor/seksjonsleiar

I 2023 har eg spela v 146 tenester i Øygarden kommune. (Gudsteneste, vigsel, institusjonsandakt, gravferd) Av desse 146 er 28 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn. Speling på salmekvelder, føremiddagstreff, øving med solistar og speling på konsertar kjem i tillegg.

Eg har framleis rolla som fagleg leiar for kyrkjemusikkseksjonen. Dvs at i faglege spørsmål vert eg rådført. Mathilde Dale Løvfall er seksjonsleiar for kyrkjemusikk.

Eg er så heldig å ha mange gode flinke kollegaer rundt meg. Miljøet i staben på Rong er godt, arbeidsoppgåver er godt planlagt og informasjonsflyten er god.

Kontakten med kyrkjelyden kjennes open, inkluderande og positiv.

Jobben som kantor vert opplevd som meningsfull og verdfull. Her møter ein folk i alle livsfasar der ein gjennom musikken kan røre ved noko djupt og grunnleggjande.

## Visjonar for framtida

Ønskjer halde fram med å ha med solistar på gudstenestene. Oppretthalde og støtte musikalsk samarbeid med bedehusmiljøa. Ta vare på det gode arbeidet som vert gjort, men samstundes ha rom for utvikling og fornying. Gler meg til å få nye kantorkollegaer i Fjell og Sund.

Få til eit engasjement rundt kyrkja frå alle som bur i kommunen, og at dette skapar gode oppvekstmiljø der folk kjenner seg sett og opplever livsglede.





## Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest og sokneteambliar
Øystein Steinsland	Kantor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Solveig Børve Skjold	Helgekyrkjetenar
Janesh Amenia	Kyrkjegardsarbeidar
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Maria Solsvik	Ungdomsteam
Ane Eriksen	Ungdomsteam
Veronika Friborg	Ungdomsteam
Mirjam Olsen	Ungdomsteam

## Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2023

Hjelme og Blomvåg sokneråd har i 2023 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 205.483. Samla utgifter utgjer kr 627.679 og samla inntekter utgjer kr 833.631. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond.

Offer og innsamling til eigne formål utgjer kr 42.588 i 2023. Offer til andre formål utgjer kr 163.416 og er utbetalt til ein rekke formål.

Gjevarteneste ungdomsarbeid utgjer kr 161.850 i 2023. Kr 77.000 er brukt til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet. Resterande kr 84.850 er sett av til fond ungdomsarbeid. Gjevarteneste til eige arbeid utgjer kr 84.700. Vidare har Hjelme og Blomvåg sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 229.330. Av dette er det mellom anna motteke kr 49.850 til Diakoni formiddagstreff, kr 44.295 til Misjonsløp, kr 61.124 til Gospelteens, kr 11.680 til misjonsprosjekt Thailand og kr 36.311 til misjonsprosjekt Egypt.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2023.

